



OVE KOLSTAD
Manger
5936 MANGER

Vår dato:

19.12.2022

Vår ref:

2022/13122

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Helen Haaland, 5764 3080

Svar på søknad om dispensasjon fra søknadsfrist - Produksjonstilskot del 1, 2022

Vi viser til søknad om dispensasjon fra søknadsfrist for produksjonstilskot del 1 i 2022. Søknaden vart oversendt frå Alver kommune 28. september 2022.

Bakgrunn

Føretaket Ove Kolstad sende 15. mars inn del 1 av søknaden for 2022. Seinare vart det oppdaga at det ikkje var lagt inn dyretal i søknaden. Då søknaden gjekk inn utan feilmeldingar rekna du med at alt var i orden. Du opplyser at dyretalet per 01.03.2022 var 38 søyer og 3 verar. Ekstrautbetalinga i september gjekk du også glipp av pga. av dette.

Regelverk

I følgje forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket (forskrifta) og Veileder til søknad om produksjonstilskudd, er det søker sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid.

Søknadsfristane er 15. mars og 15. oktober. Nokre opplysningar kan etterregistrerast fram til 10. januar året etter. Statsforvaltaren kan i særlege høve dispense frå søknadsfristen jf. forskrifta § 9.

I rundskriv 2022- 63 Forvaltningsansvar og saksbehandling, kap. 11 står det: «Der foretaket melder fra om at feil eller uteglemte opplysninger i søknaden har ført til en lavere utbetaling, vil fremgangsmåten avhenge av feilens art. Den klare hovedregelen er at en slik innvending skal behandles som en søknad om dispensasjon fra søknadsfristen, jf. forskriftens § 9. Først når det eventuelt er innvilget dispensasjon, kan de uteglemte opplysningene tas inn i søknadsgrunnlaget og nytt vedtak fattes.

Unntak fra dette utgangspunktet kan gjelde i tilfeller hvor søker ved inngivelsen av søknaden har gjort en openbar feilføring. I slike tilfeller kan det være grunnlag for å behandle meldingen fra foretaket som en klage eller en omgjøringsbegjæring etter forvaltningslovens §§ 34 eller 35.»

Vurdering

Føretak som søker om produksjonstilskot er å rekne som sjølvstendig næringsdrivande. Som sjølvstendig næringsdrivande må det stillast strenge krav til aktsemd og at søker overheld fristane i samband med søknad om produksjonstilskot. Det er søker sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid og å setje seg inn i regelverket.



Du var god tru om at søknaden var i orden. Du skriv at du ikkje er god på data, men då kontrollen på slutten av søknaden gjekk i gjennom utan feilmeldingar, rekna du med at alt var i orden og du tok difor ikkje kontakt for å få hjelp.

Hovudregelen er at feil eller utegløymde opplysningar i søknaden skal handsamast som ein dispensasjon frå søknadsfristen (rundskriv 2022-63, kap 11). Landbruksdirektoratet har i rundskriv 2022- 75 kap. 9, og i rundskriv 2022- 63 kap. 8 gjort greie for korleis dispensasjonsreglane skal praktiserast. Ein dispensasjon kan gjevast i «*særlege tilfeller*». Det tyder at det berre kan innvilgast dispensasjon når det føreligg ei spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta. Dispensasjon er meint som ein sikkerheitsventil, og skal berre nyttast i heilt spesielle situasjonar. Dette tyder at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå søknadsfristen når søker sjølv kunne ha avverga at søknaden vert levert for sein. Det skal gjerast ei heilskapleg vurdering om det er eit særleg tilfelle.

I ditt tilfelle er søknaden levert innan fristen, men ved ein feil var søknaden tom. Som hovudregel skal ikkje kommunen godkjenne eit høgare tal enn det som er omsøkt, men sakshandsamar kan rette «*åpenbare feil*» i søknaden (rundskriv 2022-63, kap. 6). Likevel vert det presisert i rundskrivet at det å gløyme å føre inn opplysningar i søknaden ikkje er ein «*åpenbar feil*».

Etter vår vurdering føreligg det difor ikkje særskilde grunnar som gir høve til å dispensere frå søknadsfristen. Vi sender difor saka tilbake til Alver kommune for vidare handsaming. Kommunen kan mellom anna justere godkjent grovfôrareal i samsvar med det faktiske dyretalet på garden.

Etter at søknad om produksjonstilskot er sendt inn vil det komme ei kvittering i Altinn. Vi oppmodar om at du sjekkar denne for framtidige søknadsomgangar, eller tek kontakt med kommunen for stadfesting av søknadstala.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gjev føretaket Ove Kolstad, org.nr 974395215, avslag på søknad om dispensasjon frå søknadsfristen 15. mars 2022. Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 9.

Klagerett

Etter forvaltningslova kap. VI kan du klaga på dette vedtaket innan tre veker etter at du har motteke dette brevet. Klaga skal grunngjevast, stilast til Landbruksdirektoratet og sendast om Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Helen Haaland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG